

Fjørtoft og Harøy Bondelag,
v/ Odd Einar Fjørtoft,
6294 Fjørtoft.
28.04.10.

Landbruks- og matdepartementet,
Oslo.

Uttale frå Fjørtoft og Harøy Bondelag om endring av forskrift for nydyrking.

Jordbruket i vår region er relativt sterkt og med større bruk enn gjennomsnittet for Vestlandet. Vi driv stort sett einssidig grovfor- og storfeproduksjon. Produksjonsmiljøet er godt og produsentane er opptekne av å styrkje konkurransekrafta si både gjennom utvikling av gardane og kunnskapen.

Alle gardane i vårt område har utvikla seg gjennom dyrking av areal med meir enn 30 cm myr. Eit generelt forbod mot dyrking av myrområde ser vi på som eit svært grovt inngrep mot våre bruk. Dersom denne endringa vert vedteke fører det til stagnasjon i området vårt. Det er vanskeleg å akseptere det.

Offentlege inngrep mot oss er frå før stor. Vi ligg i eit område det har bodd folk før oss. Fortidsminna ligg tett, og så snart som vi skal gjere noko kjem fylkesarkeologen inn med sine krav. Små bedrifter må dekkje kostnadane med registrering eller så vert områda bandlagt av staten. Gåsebestanden har vore i eksplosjonsarta utvikling sidan på 70-talet. No utviklar denne bestanden seg eksponensielt. Likevel vil Direktoratet for Naturforvaltning endre forskriftene for felling av skadegås, slik at det skal verte vanskelegare med lokal forvaltning. I tillegg ligg vi på relativt småe øyar som gjer at ein stor del av arealet vert omfatta av 100-metersregelen. Då kjem Fylkesmannens Miljøavdeling inn i biletet, og dei nektar bruk av fjellrabbar innafor 100-metersgrens. Medan dyrkaareal kan nyttast til parkeringsplassar, vegar og hyttetomter.

Vi går mot denne nye forskrifta fordi dette reduserer verdien på gardane vår.

Vi går mot denne forskrifta fordi den hindrar utvikling i vårt område.

Vi går mot denne forskrifta fordi dyrking av myr har endra seg mykje den siste tid.

Vi går mot denne forskrifta fordi den rammar i hovudsak nokre område særleg langs kysten og nokre tilfeldige bønder.

Vi går mot denne forskrifta fordi den gjer aktive brukarar enno meir avhengig av tilfeldige eigarar av leigejord.

Vi går mot denne forskrifta fordi den ikkje gir likskap for lova.

Vi går mot denne forskrifta fordi oljeselskapa slepp fri, men nokre små tilfeldige bønder skal pynte på resultatet.

Vi går mot denne forskriftsendringa fordi ho er utåleleg.

For Fjørtoft og Harøy Bondelag

Odd Einar Fjørtoft.